



## Austevoll kommune

### Møteprotokoll

### KOMMUNESTYRE

**Møtedato:** 13.12.2010

**Møtetid:**

Kl. 11:00

**Møtestad:** KOMMUNESTYRESALEN

**Saksnr.:**

167/10 – 192/10

<b>Følgjande medl. møtte:</b>	<b>Parti</b>	<b>Følgjande varamedl. møtte</b>	<b>Parti</b>
Helge Andre Njåstad	Frp	Harry Haugland	Frp
Edvard Johannes Stangeland	Sp	Øystein Rabben	H
Jostein Blænes	Frp	Nils Olav Troland	”
Renate Møgster Klepsvik	”	Eli Torgnes Sæle	”
Ronald Persen	”	Ingolv Skumsnes	Sp
Kjetil Østervold	”		
Olav Njåstad	”		
Øystein Østervold	”		
Narve Møgster	”		
Julie Eide Solbakken	H		
Kurt Frank	”		
Jane Stangeland	Ap		
Ove Fagerbakke	”		
Andreas Risøy	”		
Christian Halstensen	Krf		
Torfinn Grav	”		

<b>Forfall frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>	
Helge Otterå	Frp	
Ingunn Berge Vik	H	
Arne Kalve Klepsvik	”	
Olav O. Østervold	”	
Ingrid Vågen Duesund	Sp	

<b>Møteleiar:</b>	Ordførar Helge Andre Njåstad
<b>Frå adm. møte:</b>	Rådmann Rolf Nøstdal, skulesjef Liv Margareth Østervold, helse- og sosialsjef Helge Skugstad, økonomisjef Liv Bente Storebø. Som sekretær møte Astrid N. Fagerbakke
<b>Utlevert i møtet:</b>	Vedtak i amu verksemdovertaking Småtun, vedlegg til sak 170 ref.sak – notat plan for idrettsanlegg m.v., tilråding frå eldreråd, amu, ten.utv. og råd for m.n.funksjonsevne og notat frå Roger Jørgensen vedk. Møkster bu sak 176 budsjett, tilråding frå ten.utv. sak 177 komm.avg., tilråding frå eldreråd, råd for m.n. funksjonsevne sak 184 sentrumsplan. Sak 191 val av revisor – klage på tildeling av kontrakt til KPMG AS.

<b>Merknader:</b>	Etter handsaming av sak 190/2010 tok ordføraren opp spørsmål om oppheving av deler av avsnitt nr. 4 i sak 158/10 i kommunestyremøte 02.11.2010.
<b>Innkalling:</b>	Ingen

---

Helge Andre Njåstad

---

Ronald Persen

---

Julie Eide Solbakken

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
167/10	Godkjenning møtebok kommunestyremøte 02.11. 2010
168/10	Underskriving av møteboka
169/10	Politisk kvarter 2010
170/10	Referatsaker
171/10	Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 18.11.2010
172/10	Rekneskapsrapport oktober 2010
173/10	Skatteinngongen september/oktober 2010
174/10	Søknad frå AS Vinmonopolet om løyve til sal av alkoholholdig drikke
175/10	Tildeling verksemdovertaking av Småtun barnehage
176/10	Budsjett 2011 - Økonomiplan 2011 - 2014
177/10	Kommunale avgifter og gebyr for 2011
178/10	Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune 2011-2014
179/10	Strategidokumentet Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM) i framtida
180/10	Politivedtekter for Austevoll kommune.
181/10	Storebø skule - Oppfølging av skriv dat 08.11.10 frå Helsevernetaten. Tilleggsloøyving.
182/10	Nordstrandsbygget. Rehabilitering eller nybygg.
183/10	Gnr. 45 bnr. 0006 Bjelland. Skade på privat veg mellom pumpestasjon og sjø i Skiftesdalen
184/10	Gnr.43 bnr.423 m.fl. Storebø. Sentrumsplanen. Endring av reguleringsplan. - Sentrumsbygget.
185/10	Tilbod om kjøp av areal frå gnr. 43 bnr. 601 Storebø
186/10	Reguleringsplan for gnr. 50 bnr. 3,29 m.fl. Nordeide
187/10	Gnr. 37 Bnr. 7,160 m.fl. Austevollshella. Godkjenning av dispensasjon for mindre endring på reguleringsplan
188/10	Rapport sjukefråvær 2. kvartal 2010
189/10	Forprosjekt Energieffektivisering
190/10	Eigedomsskatt - ny taksering
191/10	Val av revisor i Austevoll kommune - klage på tildeling av kontrakt til KPMG AS

## 167/10: Godkjenning møtebok kommunestyremøte 02.11. 2010

### Vedtak:

Møteboka frå kommunestyremøte 02.11.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

## 168/10: Underskriving av møteboka

### Vedtak:

Til å skriva under møteboka saman med ordføraren vert valde:

## 169/10: Politisk kvarter 2010

Handsaming i møtet:

### Ordføraren orienterte om følgjande:

Ferjesaka

- To viktige milepæler for b-ferja denne veka. Kommunestyret 13. desember og fylkestinget 14. / 15. desember.
- Går alt som innstilt vil b-ferja starte 11. april 2011. B-ferja vert M/F Masfjord som tar 100 bilar.
- Nye ruter frå 01. januar 2011

Fiskeriministeren på besøk 22. nov. 2010:

Bekkjarvik og Salthella/Rabben i tillegg ope møte på Fiskarfagskulen – oppdrett av fisk

Kommunalministeren på besøk 12. nov. 2010:

Sunnhordland har fått pilotstatus for differensiert strandsoneforvaltning. Arbeidet er blitt lagt

merke til og fått mykje merksemd.

Regjeringa diskuterer framleis internt forskriften som er på høyring om differensiert strandsoneforvaltning. SV og SP står på kvar si side. Viktig for Austevoll å komme i "mildast" kategori.

Møte med fylkesmannen 10. des. 2010:

- **Bjånesøy:**
- Enighet om ca 20 naust. Dette er utsikten fra Storebø, så viktig at det blir fint. Planutvalet vil få visualiseringen til godkjenning før innsending til fylkesmannen og deretter godkjenning av endeleg plan i kommunestyret.
- **Bakkasund:**
- Fylkesmannen kritisk til omfanget av planen og ber oss justere den før ny dialog. Planutvalet vil bli involvert i justert framlegg.
- **Bekkjarvik:**
- Tegningane til påbygg er litt annleis enn godkjent plan. Enighet med fylkesmannen om å gjennomføre planendring som mindre endring. Sak om det til planutvalet 12. januar. Om ingen innvendinger mot mindre endring vil det gå hurtig. Fylkesmannen veldig positiv til tegningene. Viktig med gode visualiseringer.
- **Makrellvik:**
- Sak som har pågått lenge. Etter møtet er fylkesmannen enig i at kommunen kan egen godkjenne planen på neste møte.

- **Gåsnes:**
- Fylkesmannen går med på næring (hotell) på Gåsnes. Små justeringer av planen og så godkjenning i kommunestyret.

#### Spørsmål frå Øystein Østervold:

1. Kor mange brukare (funksjonshemma) har vi i Austevoll kommune?
2. Kor mykje kommer frå staten til kommunen utrekna til denne brukargruppa.?
3. Kor mykje av pengane som kommunen får går tilbake til denne brukargruppa?
4. Framstegspartiet har eit ønskje om plan vidare framover når det gjeld bustad til desse brukarane når dei skal bu for seg sjølve.  
Kommunen bør prioritera tomter til dei og kordan dei skal bu her i kommunen, slik at ikkje kommunen seljer all eigedom vi har.

#### Omsorgsløn:

Når lovverket seier at man går utifrå minste timesats for heimehjelp for berekning av omsorgstimesats - kva er det som gjer at timesatsen for omsorgsløn ligg under heimehjelperane minste timesats som er på kr. 122,98 pr. time her i kommunen?

#### Svar frå rådmannen:

Kommunen har ikkje register over funksjonshemma. Har register over psykisk utviklingshemma som blir meldt inn til staten kvart år. Rammetilskot frå staten vert gjeve utifrå desse tala, ikkje øyremerka, rammetilskot (objektive kriteriar). Frie midlar som kommunestyre fordeler.

Omsorgsløn – blir ikkje utbetalt som løn men som godtgjersle med kr. 85,- pr. time. Vil kommunestyre bruka meir av dei frie midlane til å auka taksten kan dei gjera det. Rådmannen vil leggja fram notat om omsorgsløn til neste møte.

Ordføraren oppmoda rådmannen å svare på samtlege spørsmål då dette opptar fleire foreldre til denne gruppa og at dei og kan få veta fakta gjennom eit notat.

#### Spørsmål frå Øystein Rabben:

Rullering kommuneplanen – kva tid er denne ferdig til å sende ut på høyring, endeleg høyringsfrist.

#### Svar frå ordføraren:

Austevoll kommunestyre gjorde i møte 27.04.2010 vedtak om at det skal gjennomførast planprosess med sikte på å revidere kommuneplanen, samfunnsdel og arealdel, med spesiell vekt på strandsona og sjøområda.

I kommunestyre 28.09.10 gjorde kst. vedtak om oppstart av planarbeidet med frist for innspel i tidleg fase 15. januar 2011

Deretter vil kommunen lage nytt framlegg til kommuneplan og sende den på lokal høyring og avholde folkemøter, med ny frist for lokale innspel. Deretter vert planen behandla på nytt og så lagt ut til offentleg ettersyn til andre myndigheter.

Grunneigare, andre med retter og dei med interesser i kommunen kan sende inn forslag til endringar i kommuneplanen. Ein kan også gje merknader til planprogrammet.

Det er allereie komen inn fleire hundre innspel til planen.

### Spørsmål frå Eli Torgnes Sæle:

1. Det er sett av lite pengar til rusførebyggjande arbeid. Rus er eit veksande problem i kommunen.
2. Det vert nytta ufaglærte vikarar i skule og innanfor helse- og omsorg. Mange ufaglærte fører bl.a. til eit dårlegare tilbod til eldre.

### Svar frå ordføraren:

1. Det er sett av pengar til rusførebygging i budsjettet og administrasjonen skal gå i gang med utarbeiding av alkoholpolitisk handlingsplan.
2. Det vert nytta ufaglærte vikarar fordi kommunen ikkje får tak i kvalifiserte/fagpersonar. Ingen bevisst politikk frå kommunen si side.

### **Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka.

### **170/10: Referatsaker**

#### **Vedtak:**

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

### **171/10: Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 18.11.2010**

#### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre tek møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 18.11.2010 til orientering.

### **172/10: Rekneskapsrapport oktober 2010**

#### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre tek rekneskapsrapport etter oktober 2010 til orientering

### **173/10: Skatteinngongen september/oktober 2010**

#### **Vedtak:**

Vert lagt ved møteboka

### **174/10: Søknad frå AS Vinmonopolet om løyve til sal av alkoholholdig drikke**

#### **Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre viser til brev av 24. november 2010 frå AS Vinmonopolet og gjev AS Vinmonopolet løyve til sal av alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 % for perioden fram til 30. juni 2012.
2. Austevoll kommunestyre vedtek at opningstida vert frå kl. 0900 alle dagar, og elles i samsvar med det som går fram alkohollova § 3-4.

### **175/10: Tildeling verksemdovertaking av Småtun barnehage**

Handsaming i møtet:

Nils Olav Troland var ugild under handsaming av saka.

Framlegg frå Høgre v/Julie Eide Solbakken:

Austevoll kommunestyre vedtek at Læringsverkstedet får kjøpe og overta drifta av Småtun barnehage seinast 15.02.2011.

Det vart røysta over rådmannen si tilråding og framlegget frå Julie Eide Solbakken. Rådmannen si tilråding fekk 17 røyster (9 Frp, 2 Sp, 2 Krf, Kurt Frankg Høgre og Jane Stangeland og Ove Fagerbakke Ap). 4 røysta for framlegget (Julie Eide Solbakken, Øystein Rabben og Eli Torgnes Sæle frå Høgre, Andreas Risøy frå Ap).

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek at Trygge barnehage får kjøpe og overta drifta av Småtun barnehage seinast 15.02.2011.

## **176/10: Budsjett 2011 - Økonomiplan 2011 - 2014**

Handsaming i møte:

Framlegg frå Austevoll KrF, Austevoll Sp og Austevoll FrP v/Jostein Blånes:

Lagt fram i Formannskapet 29. november 2010

Tillegg lagt fram i kommunestyret 13. desember 2010 (siste 2 sider)

## **Austevoll kommune er i utvikling...**

- Folketalet auker månad for månad. Pr 1. oktober var det 4651 austevollingar. Aldri før har det budd så mange i Austevoll. I 2009 auka folketalet med over 150. Så langt i 2010 har det auka med over 80.
- Bustadbygginga er over all forventning. I 2009 var det bygd 42 nye einingar. Kommuneplanen anslå eit årleg behov for 20 nye bustader i året. Austevoll har i dag dobbel så stor bustadbygging og det er positivt.
- Fødselstala er betre enn på lenge og det befester Austevoll sin posisjon som ein kommune med ung befolkning og ein kommune det er godt å vekse opp i.

Næringslivet i Austevoll går godt og det vert skapt fleire arbeidsplassar år for år. Kommunen spelar på lag med næringslivet i samfunnsutviklinga.

Austevoll sitt blomstrande kultur og idrettsliv utviklar seg og. Det skjer stadig meir og nye tilbod dukkar opp. Både i kommunal regi, men i størst grad gjennom frivillig arbeid.

Alt dette gjer at Austevoll kommune er ein svært god kommune å bu i som mange har tru på. Det er hyggjeleg for oss å leggje fram eit budsjett med eit slikt bakteppe.

Budsjettet for 2011 vil befeste kommunen sin posisjon som ein vekstkommune som skapar gode tenester og trivsel. Budsjettet gjev rom for nokre nye satsingar, men byggjer i hovudsak på aktiviteten i 2010 og framleis stram økonomistyring.

Austevoll kommune rundar neste år 300 millionar i årleg inntekter. Aldri før har kommunen hatt så mykje pengar å bruke på austevollingar. Som ein kuriositet kan nemnast at i 1887 når kommunen hadde sitt fyrste budsjett var det på 2996,- Prisjustert til våre kroner er det likevel bare om lag 200.000,-

Dei om lag 308 millionane som budsjettet legg opp til me får neste år vert i dette budsjettet fordelt slik:

- Fyrst vert 5 millionar tatt bort til nedbetaling av gamle underskott.
- Deretter 2+2 millionar tatt bort til b-ferje og reservepott (til rådvelde for formannskap / kommunestyret til disp i 2011)
- Og så til slutt etter det vert resten disponert som i rådmannen sitt tallframlegg med nokre endringar som fylgjer av dette budsjettframlegget:

## Hovedprioriteringar i budsjettet for 2011:

Dette er våre hovudprioriteringar i 2011:

### Aktivitør / Dagsenter:

Eldreomsorg er meir enn bare pleie, men og trivsel. Mange har sakna aktivitør og dagsentertilbodet det siste året sjølv om folkehelseabriedet til kommunen og har hatt eldre som målgruppe. Me legg difor inn midlar i budsjettet for 2011 til 100% stilling til aktivitør / dagsenter i tilknytning til eldreomsorg. Det er ein forutsetnad at tilbodet samarbeider tett med både sjukeheimen og folkehelsearbeidet til kommunen. Tiltaket vert finansiert av "eldremilliarden" som for Austevoll sin del utgjør i overkant av 1 million. Beløpet vert foreslått sett på bunde driftsfond til "aktivitørtilbod" og på den måten sikrar ein tilbodet også utover 2011 uavhengig av driftsbudsjettet. Dette samsvarar og med intensjonen til regjeringa bak "eldremilliarden".

Desse midlane vert sett av under rekneskapsavslutningen for 2010 og deretter disponert som framlegget her. Fram til rekneskapsavslutning vert midlane mellombels henta frå rådveldeposten for å sikre heilårseffekt.

**100% stilling som aktivitør ligg inne i budsjett 2011**

### SFO på Kolbeinsvik og Trolandshamar skular:

Det har lenge vert eit ynskje både frå politisk miljø og foreldre å få SFO tilbod ved alle skular i Austevoll. Tidlegare har økonomi stoppa draumen. I 2011 har stram økonomistyring gjennom 2010 gitt rom for nokre nye tiltak i 2011. Me vil prioritere SFO høgt og legg inn midlar for drift av SFO etter skuletid på både Kolbeinsvik og Trolandshamar skule. SFO er viktig for oss for å leggje til rette for at familiane kan planlegge egen kvardag betre og det å gå i 100% stillingar for småbarnsforeldre er mogleg. I utgangspunktet ynskjer me å vera varsam med å etablere nye permanente tilbod i 2011, men gjer eit unntak for SFO då dette etter vårt syn vil bidra til å gjera kommunen endå meir attraktiv og kanskje bidra til ytterlegare tilflytting. Det er og positivt i forhold til at kommunen treng arbeidskraft innanfor omsorgsykker og då er SFO vitkig å ha. Me legg opp til oppstart frå nyttår eller så snart det er praktisk mogleg. Det er ingen grunn å vente til neste skuleår når behovet er der alt no og me har funne rom økonomisk til tilbodet.

Det er litt usikkerhet knyta til kostnader for SFO. Skulle det vera behov for ytterlegare avsetningar i 2011 er me innstilt på å sjå på det i samband med disponering av rådveldeposten ved ein seinare budsjettregulering.

**Trolandshamar og Kolbeinsvik får SFO i 2011**

### "Smartboard" i klasserom:

Me ynskjer å vera i front når det gjeld IKT utstyr i skulen. Dei siste åra har fornying og utviding av elevmaskiner hatt fokus saman med å få etablert trådløst nettverk på ungdomsskulen. I 2011 ynskjer me fokus på "smartboard" i undervisningen og vil setje av midlar over investeringsbudsjettet til å investere i "smartboard" i klasserom. Skulebruksplanen som vert arbeid med og er venta til handsaming i 1. kvartal 2011 må vise veg for korleis kommunen skal ta i bruk og auke kompetansen innanfor IKT. Me sett av 400.000,- over investeringsbudsjettet til ei storstilt satsing på fleire smartboard i klasserommene.

**400.000,- til smartboard i klasseromma**

### Asfalt på vegane

Vedlikehold på kommunale vegar har aldri vore ei prioritert oppgave for Austevoll kommune og det berer vegane preg av. Det var difor rett av kommunestyret i september å setja av vel 200.000,- i ekstra ordinær vedlikehold for å få tatt det verste og samtidig signalisere vilje til å sette av 1.000.000,- i investeringsbudsjettet for 2011 til asfaltering. I dette budsjettframlegget vert den intensjonen oppfylt. Me aukar vegvedlikehaldet med 200.000 for 2011 utover at det er lagt inn auke på vintervedlikehald frå rådmannen si side. Det vert signalisert også 1. mill ekstra ordinær investering på vegar i 2012.

**1.000.000,- til ny asfalt på kommunevegane**

### **Utbygging av Selbjørn skule / Evt idrettshall:**

Selbjørn skule har lenge venta på ein større opprustning både for å gje elevar og tilsette betre bygningsvilkår og lukke krav frå arbeidstilsyn og helsevernetat. Me har i kommunestyret gått inn for å sjå på ei løysing med 500m<sup>2</sup> utbygging til ei kostnadsramme på 15 mill over investeringsbudsjettet. Me held fast ved denne målsettinga i budsjettet for 2011 og ynskjer oppstart av dette arbeidet tidleg 2011. Dersom det er mogleg å gjennomføre denne utbygginga i samarbeid med private / idrettslag for å støtte fleire behov er me positiv til ein nærmare dialog om dette. SIL ynskjer å bygge ein idrettshall bak skulen og dersom dette kan bygges ut samtidig vil det truleg bli rimelegare totalt sett. Sak om det må i så fall fremmes tidlig i 2011 slik at framdriften ikkje stoppar opp. Me understreker ambisjonen å bruke 15 mill og vil signalisere at beløpet og vil gjelde i eit OPS samarbeid med hallen.

**15.000.000,- investeres på Selbjørn skule i 2011 og 2012**

### **Storebø skule:**

Det er ynskje å setja skulebygga i godkjent stand og difor vil og arbeid med Storebø skule vera viktig i 2011. Ei arbeidsgruppe vert vald og må finne løysingar på nytt arealbehov på om lag 750m<sup>2</sup> på ein måte som gagnar både tilsette, elevar og Storebøbygda. Ein må sjølvst og ha fokus på kostnader. Me vil be om at det vert vurdert lager i tilknytning til kultursalen i samband med denne utbygginga. I dag vert handicap garderobe nytta til lager og det er sjølvst ikkje bra. Utstyr til kultursalen treng og større lager plass.

**Også stor investering på Storebø skule i 2011/2012**

### **Flygel:**

Austevoll har dei siste åra satsa meir på kultur og trivsel enn nokon gong tidlegare. Samarbeid mellom politisk og administrativt nivå og eldsjeler i Austevoll gjev gode resultat. Det er og motiverande at både fylkeskommunen og staten gjennom livOGLyst og bulyst støtter Austevoll med store beløp til samfunnsutvikling. Det har vore arbeidd ei stund med å få flygel til kultursalen på Storebø. Det har ikkje lykkast å få dette fullfinansiert gjennom gaver. For å understreke satsinga på kultur og legge til rette for flotte konsertopplevingar for austevollingar og eit storslått opplæringsinstrument for kulturskulen vel me foreslå på investeringsbudsjettet ei løyving på 200.000,- for 2011 og reknar då med at dette lar seg realisere.

**200.000,- til flygel til kultursalen**

### **Gravplass Vinnes:**

Dette låg inne i investeringsbudsjettet for 2010, men etter krav frå fylkesmannen vart det skyvd på. Me finn det difor litt overraskende at rådmannen ikkje har lagt det inn i grunnlaget sitt. Spesielt sidan kommunestyret og hausten 2010 har vedtatt å setje i gong arbeidet. Det er forventning at rådmannen starter prosessen snarleg med planlegging. Me setter av samme sum i 2010 for 2011 og vil koma attende til evt sluttfinansiering i samband med investeringsbudsjettet for 2012.

**3.000.000 til ny gravplass i 2011**

### **Ambulansestasjon og båt:**

Me er glad for at usikkerheten knytta til ambulanse har løyst seg på beste måte for austevollingane sin tryggleik. I 2011 får me både nye båt (verdens beste ambulansebåt) og ny stasjon til ein kostnad på 25.000.000,-. Dette er kjempe flott for Austevoll som då får eit svært godt beredskapstilbod både innanfor ambulanse (akutt) og brann då den nye båten har langt betre brannutstyr enn Rygerstril. Austevoll bør i 2011 samtale med nabokommunar med øyar og samarbeid om denne brannberedskapen. Det er lagt inn midlar i budsjettet til kommunen sin andel av spleiselaget med Helse Bergen om båten samt midlar til at kommunen leiger 2 leiligheter i stasjonen til legetenesta og evt andre offentlege etatar det er naturleg å samarbeide med.

**Ny båt og stasjon i 2011**

### **2 ferjer til Krokeide:**

Den viktigaste politiske saka i perioden 2007-2011 har vært ferjesaka. Den har vært nøkkelen om Austevoll vil oppleve positiv utvikling og vekst eller det motsatte. Fiskeindustrien er ein hjørnesteinsbedrift som det er viktig at Austevoll kommune legger forholdene til rette slik at dei utvikler aktiviteten i Austevoll. Med 2 ferjer på plass ligg grunnlaget der for nettopp det. Me har vald å gå inn i eit spleiselag med næringsliv og fylkeskommune for å lykkes med å få 2 ferjer. Me forsvarar å bruke 2 mill på dette for å gje austevollingane eit endå betre tilbod og grunn til å bu i kommunen og det faktum at 2 ferjer vil lettare sørge for vekst i folketalet og dermed auka inntekter til kommunen. Næringslivet vil og lettare få tilgong til arbeidskraft med eit forbetra ferjetilbod. Austevoll kommune vil stå for innkreving av tilskottet frå næringslivet og vera ansvarleg overfor fylkeskommunen.

Førebels ser det ut til at 2-ferjer vil starte opp i april 2011.

**Austevoll sin andel av spleiselaget ligg inne i budsjettet**

### **Omsorgsbustader i Bekkjarvik:**

Det ligg inne i budsjettet investeringsmidlar til det nye planlagte omsorgsbustadprosjektet i Bekkjarvik. Eldreomsorg er eit satsingsområde for oss og ved å satse på dette oppnår me å gje dei eldre "gode tomtar" i Austevoll med sjøutsikt som har vært viktig for oss. Statistikk viser at Austevoll fram mot 2030 vil ha behov for fleire plassar og me vil satse på å ha samla sjukeheimsdrifta på Storebø, men desentralisert omsorgsbustadtilbod som ikkje treng 24 timar drift. Det er forventat at husleiga vil gjera dette så og sei sjølvfinansierande. Kommunestyret vil på første møte i 2011 få sak om tiltaket.

Fram mot 2030 vil antal endre auka mykje. Me vil alt no signalisere at dette bare er starten på investering innanfor eldreomsorg. Enda eit nytt omsorgsbustadtilbod må planleggjast med sikre på oppstart rundt 2014 slik at me er i rute til å dekke behovet i 2030.

#### **14-16 nye omsorgsbustader i Bekkjarvik**

### **Palliativprosjektet:**

Austevoll har dei siste to åra fått statleg tilskott til dette prosjektet kombinert med løyving frå kommunestyret. Palliativprosjekt har fokus på smertelindring og verdighet i livets siste fase. No må Austevoll ta stilling til om prosjektet skal gjerast permanent eller ikkje. Me vil rose initiativtakarane til dette prosjektet. Attendemeldingane frå brukarar er svært positiv og dette har bidratt til å auke livskvaliteten til mange samt bidratt til at Austevoll er ein endå betre kommune å bu i. Me ynskjer difor å leggje inn i budsjettet midlar til vidare drift på samme nivå som rådmannen foreslår.

#### **Suksessprosjektet "palliativ" vert lagt inn på fast post i budsjettet**

### **Folkehelse:**

Austevoll inngjekk partnerskap med Hordaland fylkeskommune i 2010 og har utifrå det fått både tilskott til stilling og til tiltak. Kommunen sett og i 2010 av 250.000 til investeringstiltak for folkehelse. I 2010 vart turløype rundt Vinnesvatnet prioritert. Me set av 250.000,- årleg til folkehelse og vil seinare koma attende til prioritering av midlane. Dette er ei tråd med økonomiplanen for 2010-2014 som vart vedtatt i fjor som sette av dette beløpet årleg. I samband med at det i dette budsjettet er foreslått styrking av aktivitørstilling vil me sette av midlar til 50% i tillegg til andre folkehelseiltak. Det vert forutsatt at fylkeskommunen held fram med tilskott til vårt arbeid og i den samanheng vil kommunen ha 150% stilling til folkehelse inkludert aktivitør.

#### **Folkehelsesamarbeid med Hordaland fylkeskommune held fram**

### **Havfest:**

Eit av dei mest suksessrike tiltaka i livOGLyst prosjektet utover å skaffe Storebø bakeri har vært etableringa av Havfest. Her har man klart å mobilisere dugnad og engasjement på ein inponerende måte. Austevoll kommune bidrog med kulturmidlar / livOGLyst midlar på 50.000,- til festivalen i 2010. I 2011 ynskjer me å doble det kommunale bidraget til 100.000,- og allerede sette dette av no slik at ein får høve til å planlegge festivalen for 2011 og kjenne rammene. Midlane vert henta frå bulyst midlane der havfest var ein av kostnadane som var sett opp i søknaden til Kommunaldepartementet.

#### **100.000 til Havfest 2011**

### **Styrking av næringsfondet:**

Austevoll kommune sitt næringsfond har vært greit å ha til å gje tilskott til marknadsføring av Austevoll på messer og reiselivstilskott til både Austevoll Reiselivslag og samarbeidet i Sunnhordland. I samband med at Austevoll fekk 3 nye havbrukskonsesjonar i 2010 fekk kommunen 900.000 i frie midlar frå fylkeskommunen. Me ynskjer å setje dette beløpet inn på næringsfondet for å styrke det. Prosjekt frå havbruksnæringa for å vise fram næringa kan vera interessant for kommunen å støtte (bli medeigar i).

Desse midlane vert sett av under rekneskapsavslutningen for 2010 og deretter disponert som framlegget her.

**900.000,- til styrking av næringsfondet.**

### **Reiseliv:**

Reiseliv er viktig for Austevoll og dei siste åra har det skjedd mykje positivt med å utvikle reiselivet i Austevoll. Bekkjarvik Gjestgiveri er lokomotivet som utviklar seg positivt og verkeleg sett Austevoll på karet. Marstein Fyr framstår og i dag som eit fyrtårn innanfor reiselivet langs kysten. Dette viser at det var rett av Austevoll å sikre fyret i 2005 og ikkje la det stå til forfall eller bli seld til private. Me vil satse vidare på reiseliv i Austevoll med å vera tilstades på messer der det er naturleg. Reiselivsmessene er sjølv sagt, men og andre næringsretta messer kan bli aktuelt både for å fremme Austevoll og reiselivet. Av næringsfondet set me av 100.000,- til reiselivsmessene i 2011. Austevoll kommune vil samarbeide med Austevoll Reiselivslag om stand for Austevoll på desse messene. Infotavlene rundt i Austevoll og på ferjekaiene til Austevoll treng oppdatering med nytt kart og ny tekst. Dette arbeidet vert gjort i 2011 finansiert over næringsfondet. Dette blir den totale disponering av næringsfondet. Formannskapet har fullmakt å disponere ytterlegare ved behov.

**100.000,- og rekordløyving til reiselivsmesser**

### **Austevoll får 5 legar:**

Austevoll kommunestyret har allerede avgjort at det skal vera 5 legar i Austevoll i 2011. Dette vert fylt opp i budsjettet. Viktig er det og at det vert styrka legesekretærressursane. Her legg me inn same beløp som rådmannen listar opp i ”ynskjelista”. Det er ein forutsetnad at begge legekontor vert behandla rettferdig når det gjeld slike ressursar. Administrasjonen må sjå til at det skjer. Politisk nivå føresett at Austevoll får alle refusjonar ein har krav på med auka bemanning. Tidlegare har det vært sagt at kommunen gjekk glipp av refusjonar grunna for lite ressursar. Me reknar og med at tilgongen og opningstida på telefonene til legekontora vert betre enn i dag med auka bemanning. Politisk nivå har tidlegare etterlyst nye løysingar for timebestilling på nett osv og ber administrasjonen sjå på det.

**Ekstra lege og fleire legesekretærer = betre tilbod til austevollingane**

## **Kultur / Idrett:**

Me lova ein opptrapping av midlar til kultur og idrett etter at kommunen i mange år nesten ikkje har hatt budsjettpostar til dette. Me har holdt den lovnaden og kombinert med auka tilskott frå andre har Austevoll i dag langt betre mulighet å støtte frivillig sektor enn tidlegare. I 2011 aukar me ytterlegare med 200.000 til tilskott til idrett og kultur. Dette er tilskott som kommunen får mykje meir igjen for gjennom mange timar med dugnad ute i lagene.

Velforeningane i Austevoll gjer ein kjempe god jobb med å skape trivsel i bygdene og øyane våre. Me vil alt no sette av 70.000,- av desse midlane til velforeningane. Altså 10.000,- til dei velforeningane som fekk kulturmidlar i fjor og som har fastbuande. Det gjeld: Kolbeinsvik Vel, Stolmen Vel, Bakkasund Vel, Storebø Vel, Vinnesvåg vel, Litlekalsøy Vel og Møkster Vel. Tilskott til lag og foreningar vert slått saman i budsjettet til ein post og skal dekke både idrett og kulturføremål.

**Fortsatt auke i satsing på idrett og kultur i Austevoll. 200.000,- ekstra i 2011**

## **Enøk:**

Vår klima og energiplan viser at det er stort potensiale å redusere kommunen sine utgifter til speiselt oppvarming av bygg. Dette må heile organsiasjonen har fokus på. Det er svært ynskjeleg frå politisk nivå å bruke penger på tiltak som på kort og lang sikt sparer både kommunen for utgifter og bidrar til positiv miljøgevinst. Me set av i budsjettet 300.000 til enøk tiltak, men er positiv til innspel frå einingane på tiltak som vil virke.

**300.000 til ENØK tiltak**

## **Sjukefråvær:**

Me vil oppmoda administrasjonen å halde fram fokuset på sjukefråvær. Prosjekt i samarbeid med NAV må sjåast på i 2011. Politisk nivå vil understreke at tiltak for å få ned sjukefråvær fyrst og fremst må løysast på lågaste moglege nivå. Me vil difor oppmoda einingane om å vera kreativ for å arbeida med dette. Me er positiv til idear lokalt som treng midlar for å redusere sjukefråværet. Eigarskap til slike tiltak er viktig så dette er ein oppfordring til alle einingar som ynskjer å gjera noko for å redusera sjukefråværet.

**Fokus på sjukefråvær også i 2011**

## **Storebø sentrum:**

Me har gjort ein del for å løfte Storebø sentrum den siste tida. Leikeapparat i parken, samt kommunalt engasjement for etablering av kafe har vært viktige bidrag. Kommunen har og seld areal på Storebø til næringsaktørar me har store forventningar til vil utvikle staden vidare. Men kommunen har og eit ansvar i kommunesenteret og me vil fylgje opp det arbeidet me har starta på med å få ting til å skje på Storebø. Det har vore diskutert med næringslivet å samarbeide om etablere ein scene i parken ved den gamle prestegården. Me signaliserer vilje til å gå inn med 500.000,- til det tiltaket under forutsetnad at næringslivet står ved sine signal. Det vert sett av 2.000.000,- i investering på Storebø i 2011. Skatepark må og vurderast i den samanheng. Kommunen må forsøke å få spelemidlar til slike tiltak.

**Vidare satsing på utvikling av Storebø sentrum**

## **Barnehage:**

Å budsjettere med barnehageutgifter i 2011 er ikkje lett då me ikkje veit kor mange som ynskjer barnehageplass frå hausten. Tal frå ssb tyder på at fleire i Austevoll vil ha barnehageplass enn det som er tilfellet i 2010 og då er det mykje som tyder på at budsjettframlegget til rådmannen på dette feltet er for lågt. Difor vil me styrke potten til reserve slik at det er rom for å gje ekstra til barnehagesektoren dersom dette scenariet slår til.

Den nye barnehageforskriften krev at kommunen kunngjer satsane til private barnehagar i samband med utlegging av budsjettet for offentleg ettersyn. Dette gjeld frå og med 2011 og må gjerast neste år. Me vil be om at rådmannen sidan dette er fyrste år med ny forskrift brukar tid på å gjera dette arbeidet grundig og korrekt. Dei private barnehagane vil vera mest tent med det og truleg visa forståing over at kunngjeringa av nivået fyrst vert klart seinare.

### **Ny barnehage på Storebø i 2011**

## **Veglys:**

Det har vore usikkerhet knyta til drifting av veglys i 2010 etter at nytt regime kom på plass der fylkeskommunen betalte for sine egne lys og kommunen av økonomiske årsaker trakk seg ut av veglysfinansieringa. Rådmannen foreslår å imøtekoma kraftlaget sine ynskjer på nokre punkt når det gjeld lys på kommunale bygg osv. Me ynskjer for å ytterlegare imøtekoma dette setje av 150.000,- ekstra både på investering og drift utover rådmannen sine tal. Slik at totalt bidrag vert 250.000,- på investering og 190.000,- på drift. Dette vert kommunen sitt bidrag i eit spleiselag saman med kraftlaget som me vonar kan sikre både drift og investering av fleire lys. Når det gjeld investering av nye lys i 2011 ynskjer me å prioritere særskilt Kolbeinsvikbrekka, parkeringsplassen på Selbjørn skule for lærarar og Blænesvegen inkl gravplassen. Det er ein forutsetnad at kommunen kjem til enighet med kraftlaget om ei ny avtale basert på desse summane.

### **Nye lys til Kolbeinsvikbrekka og Blænes**

## **Tilbod til PU:**

PU er ei viktig gruppe for Austevoll kommune som må prioriterast. Difor har me dei siste åra prioritert tiltak til gruppa også fritidstilbod. Denne gongen set me av pengar til drift av symjetilbod då Vaksenopplæringa i haust ikkje lenger fann rom innanfor sitt budsjett til dette. No vert tilbodet plassert på kulturbudsjettet som fast post og øyremarka å skape aktive fritidstilbod til denne gruppa. Me ser for oss eit samarbeid med ASV om dette og at tilbodet vert gjeven på dagtid i skuleåret. Også avsettinga i fjor med 25.000,- til sydentur tilskott vert vidareført i 2011.

### **Symjetilbodet på plass**

## **Kyrkja:**

Me har hatt som politikk at kyrkja skal vera med på opp- og nedturar i kommuneøkonomien. Då kyrkja gjennom fasane med reduksjon har teke sin del er det rett og rimeleg at dei og får vera med på oppturane. For 2011 legg me inn 125.000,- ekstra utover dagens nivå. (Rådmannen foreslår auke på 90.000,-)

### **Auka tilskott til kyrkja**

## Dette skal me arbeida vidare med i 2011:

Me ynskjer å peike på nokre viktige arbeidsoppgåver som administrasjonen må ha fokus på i 2011.

### Kommuneplan

Me har vedtatt i 2010 å rullere både arealdelen og tekstdelen til kommuneplanen. I hovudsak er begge deler politiske dokument som politisk nivå må ha hovudansvar for å sikre framdrift i, men det trengs likevel og administrative ressursar for å utarbeide to viktige dokument som skal peike ut korleis Austevoll skal utvikle seg vidare. Me er glad for at rådmannen har funne rom økonomisk og administrativt til å styrke dette arbeidet gjennom styrking av "samfunnsutviklingseininga". Heile organsiasjonen må også inkludrast i å gje innspel og fagelege råd til planarbeidet. Det er eit politisk mål å ha klar kommuneplanen til lokal høyring 1. halvår 2011 og offentleg ettersyn andre halvår.

### Skulebruksplan / Plan for undervisningsektoren

Denne planen er forventet ferdig rundt mars 2011. Planen må vise veg for korleis Austevollskulen skal utvikle seg i framtida. Det er spelt inn mange tema for drøfting i planen og planen vil ha fokus på mange felt. Fleire av temaene gjeld økonomiske vurderingar skulane i mellom som modell for fordeling av ressursar og korleis handtere tilflytting midt i skuleåret. Dette er tema som kan få økonomisk konsekvens mellom skulane sine budsjett slik at det må takast høgde for at budsjettet for 2011 kan bli endra som konsekvens av ny politikk utforma i skulebruksplanen.

Me merkar oss også at prognosar som er kjent no tyder på ein liten reduksjon i elevtalet frå skuleråret 2011/2012. Når endelege tal er kjent må rådmannen koma med ein budsjettrevisjon for skulefeltet slik at rammer for skuleåret 2011/2012 vert tilpassa elevmassen. Det er eit mål at ressursane skal vera på dagens nivå og på nivå med første halvår 2011. Vert det ein reduksjon i elevtalet vil det få konsekvens for berekninga av folketalet pr 1.7.2011 og dermed bety ein reduksjon i rammeoverføringa til Austevoll for 2012. Det er nemleg slik at antal innbyggjarar pr 1.7.2011 bestemmer rammeoverføringa for 2012. Nedgong i gruppa innbyggere mellom 5 og 16 år vil gje relativt store utslag (ca 70.000 pr person). Det er difor viktig at rådmannen kjem attende med ein slik budsjettrevidering slik at ikkje nivået for skuleåret 2011/2012 vert sett høgare enn rammene for 2012 tillet.

### Personalpolitikk

Det er forventning om at Austevoll kommune i 2011 har fokus på personalpolitikk. Alle medarbeidarar må ha medarbeidarsamtaler med jamne mellomrom. Dette må ha prioritet. Likens må heile organsiasjonen arbeide med å bygge ned "oss" og "dei" haldningar til fordel for "vi" haldningar. Austevoll kommune er ein organisasjon.

Me forventar at i samband med ny turnusplan for ny sjukeheim ser ein på både nye alternative turnusar og tiltak for å få ned ufrivillig deltid.

### Sjukepleiarar:

Austevoll har utfordring med å ha nok sjukepleiarar. Det må gjerast noko aktivt for å betre situasjonen enten ved rekruttering, etterutdanning, fleire i 100% stillingar osv. Administrasjonen må ha særskilt fokus på dette i 2011 og halde politisk nivå fortløpande oppdatert på arbeidet og inkludert der det er naturleg.

### **Kommunejubileum 125 år:**

Austevoll kommune markerer 125 år som eigen kommune i 2011. Me vil markere dette på ulik måte i løpet av året og bruke deler av kulturmidlane til kulturtiltak knytta til jubileumsmarkering / arrangement. Kommunen ynskjer og i samarbeid med Austevoll Forlag AS å gje ut eit jubileumsblad. Andre kreative innspel må gjerne og speles inn. Det hadde vært interessant å utfordra elevane på å skrive stil om korleis Austevoll ser ut om nye 125 år. Når kommunen markerer 250 års jubileum i 2136.

### **Fiskerihamn Rabben / Salthella:**

Planarbeidet og KU vil starte opp tidlig i 2011. Det er viktig å prioritere dette arbeidet slik at prosjektet er ferdig prosjektert innan rulleringa av NTP og Kystverket sin handlingsprogram for 2014-2019 vert gjort. Politisk har denne saka stor prioritert framover. Målet med prosjektet er å få staten med på investeringar i Austevoll på over 200.000.000,- som vil skape nye og trygge eksisterende arbeidsplassar.

### **Regional transport plan / Større vegprosjekt:**

Fylkestinget har vedtatt oppstart av RTP som er ein prosess som vil meisle ut prioriteringane på fylkesvegnettet frå 2014 og utover. Austevoll må ta mål av seg å få prioritert både ny veg og bru over Torangsvågen og Bjellandsvegen som store nye prosjekt. Mindre tiltak må og nemnast og det er på tide å gripa fatt i vegsituasjonen over Storebø og arbeida for 2-felts veg der.

### **Service:**

Austevoll kommune skal vera ein servicekommune som er til for innbyggjarane – ikkje omvendt. Me har som mål å sei ja til alt me ikkje har god grunn å sei nei til. Det er viktig at rådmannen formidlar denne grunnhaldninga til heile organisasjonen som på vegne av kommunestyret gjer vedtak på fullmakt overfor innbyggerene og næringslivet. Me vil understreke viktigheten av service i kommunen. Administrasjonen og spesielt offentleg servicekontor som ofte er det fyrste møtet med kommunen, må ha fokus på service. Det er eit mål at elektroniske hendelser til kommunen skal besvarast samme dag enten med komplett svar eller førebels svar. Det er ynskjeleg at administrasjonen vurderer auka opningstid på sentralbord innanfor dagens bemanning.

### **Austevoll ASV:**

Denne 100% kommunalt eigde bedriften er viktig for Austevoll og mange austevollingar. Bedriften blir 20 år i 2011. Austevoll kommune har dei siste åra styrka bedriften og er no glad for å sjå resultat av det gjennom utbygginga som nærmar seg slutføring. I den sammenheng vil me i 2011 be om å få fram ei sak om eigarstrategi for Austevoll ASV. Austevoll kommune som eigar må vise kva visjonar ein har for denne bedriften og kva oppgåver ASV kan hjelpe kommunen innanfor. Med nytt storkjøkken på plass opnar det opp nye muligheter for samarbeid. Men også andre felt ynskjer ASV å samarbeide med kommunen innanfor. Til dømes: privat vask av tøy frå institusjon og handtering av hjelpemidlar. Dette forventar me blir lagt fram saker på tidleg i 2011.

### **Økonomistyring:**

Det har vært behov for å politisk understreke viktigheten av økonomistyring i Austevoll kommune etter mange år med for lite fokus på det og for stor ubalanse i kommuneøkonomien. Dei siste åra har rådmannen og administrasjonen synt store forbedringar innanfor dette feltet, noko me vil gje ros for.

Det politiske budskapet har vært når det gjeld økonomi:

- ”Å setje taring ette næring”
- Budsjetten skal styre aktiviteten, aktiviteten skal ikkje styre budsjettet
- Austevollingane skal få gode tenester for dei midlane som kommunen har fått til rådvelde

Dette skal vera gjeldande og for 2011 og økonomiplanperioden. Rådmannen må halde fram med jamnleg rapportar til politisk nivå på økonomi. Berre på den måten kan politikkarane halde styring med økonomien frå månad til månad. Rutinen med rapportering den 15. i kvar månad skal halde fram.

### **Bustader psykisk utviklingshemma**

Det vil om få år vera behov for fleire bustader til gruppa psykisk utviklingshemma. Me ber difor administrasjonen koma til politisk nivå om ei sak på det. Me er open for både private og kommunale løysingar. Det viktige er å ha bustadane på plass for å dekke behovet.

### **Ny internettside i 2011**

Austevoll kommune vil i 2011 få ny oppdatert internettside. Me forventar at fleire og fleire av skjemaene som innbyggjarane treng ligg på nettet og lett kan fylles ut der. Planregister for godkjente reguleringsplanar må og på plass i 2011 slik at alle kan få innsyn i kva planar som er godkjent. Planar som er i prosess må og vera på nettsidene til kommunen slik at innbyggjarane kan gje kommentarar og innspel til dei. Me ber og om at Business Region Bergen og Samarbeidsrådet for Sunnhordland sine tenester vert gjort kjent på kommunen si nettside.

## Tala:

Austevoll kommune vil i 2011 ha **308.293.000** til rådvelde:

Me set av 5.000.000,- til nedbetaling av oppsamla underskott jmf nedbetalingsplan godkjent av Kommunaldepartementet.

2.000.000,- settes av til b-ferja og 2.000.000,- til rådvelde (uforutsett) til kommunestyret / formannskapet sin disposisjon i løpet av 2011.

Då står att 299.293.000,- til disponering i budsjettet for 2011 som me disponerer i tråd med rådmannen sitt framlegg til om 2010-driftsnivå på etatane / einingane. Talbudsjett pr 2. november før rådmannen si ynskjeliste. Når det er gjort er det 2.880.628,- som kan disponerast i tillegg.

Her er våre framlegg til slik disponering og endring i høve rådmannen sitt framlegg:

Prioriteringsliste:	
Til disposisjon etter hoveddisponeringa	2 880 628
Palliativ prosjekt	211 000
Legesekretær Storebø	342 488
Vegvedlikehald	200 000
Vedlikehald bygningar / enøk	300 000
Bibliotek	40 000
Legesekretær Bekkjærvik	214 055
Veglyst	190 000
Folkehelse (innsparing grunna finansiering av aktivtør over anna post)	-205 000
SFO Kolbeinsvik og Trolandshamar	567 000
Symjetilbod PU	45 000
Sydentur PU	25 000
Auka tilskott lag og foreningar i 2011	200 000
Pott leiarutvikling	-100 000
Auka tilskott kyrkja	125 000
Kontingent kulturskolen - frysas	20 000
Totalt disponert	2 174 543
<b>Ytterlegare tilførsel rådveldepotten</b>	<b>706 085</b>

Me vel å styrke ytterlegare potten til rådvelde då det finnes mange usikre moment i 2011 slik at det er ansvarleg og riktig å ha ”pengar i bakhand”.

Hovedforskjellen på framlegget vårt og rådmannen sitt er at me er skeptisk til fleire nye stillingar innanfor felt som vaktmeister, skulesekretær, administrative stillingar på kommunehuset og helsessyster då me gjennom dette budsjettet peiker på fleire punkt som kan gje utslag i 2012 budsjettet og kommunen ville ikkje vera tent med styrking av stillingar eit år for så kanskje reduksjon eit anna. Me har difor prioritert tiltak som i stor grad ikkje er knytt til stillingar med nokre få unntak. Om rådmannen ynskjer å vurdere å styrke til dømes helsessyster finansiert

innanfor etaten er politisk nivå positiv til å få fram ei sak om det. Me synes og det er galt av rådmannen å fleire stader føreslå auka administrasjon. Nye oppgåver der må løystas med auka bruk av delegering, effektivisering av arbeidsprosessar og bruk av ny teknologi.

Trekk i midlar til leiarutvikling vert gjort i påvente av ei sak der rådmannen må grunngje kva bakgrunnen for dette tiltaket er og kva konkret ein skal disponere 100.000,- til.

### **Investeringsbudsjettet:**

Austevoll kommune har vært forsiktig med store låneopptak og investeringar sidan 2003 og bygging av Storebø pleie og omsorgssenter. Det har gjort at lånegjelda til Austevoll i denne perioden har blitt redusert medan snittet for landet har auka. No må Austevoll gjera større investeringar for å satse på eldreomsorg og skulebygg.

Lånegjelda til kommunen vil i økonomiplanperioden auke til mellom 200 og 300 mill. Me meiner dette er naudsynt for å vera forebudd på situasjonen innanfor eldreomsorgen fram mot 2030. Innanfor skule er det naudsynt å setja Storebø og Selbjørn skule i godkjent stand.

Det er eit mål for oss å halde lånegjelda under dei årlege inntektene til kommunen. No er inntektene 308 mill og lånegjelda 200 så kommunen er godt under det og også under snittet i kommunesektoren på gjeld.

På neste side fylgjer våre prioriteringar innanfor investeringsbudsjettet for økonomiplanperioden:

<b>Investeringar:</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>Kommentar:</b>
Startlån	7 000	7 000	7 000	7 000	Sjølvsfinansierande - Dekka av innbetalingar
Veglys	250	250	250	250	Investering i veglys - andel av avtale med kraftlaget
Asfaltering vegar	1 000	1 000	0	0	Naudsynt arbeid som må gjerast i 2011 / 2012
Vinnes gravplas	3 000	0	0	0	Satt på vent i 2010. Viktig med løyving i 2011
El tavle kommunehuset	115	0	0	0	Naudsynt arbeid som må gjerast i 2011
Kommunehuset inventar	150	0	0	0	Jmf rådmannen sitt framlegg
Ymse	1 250	0	0	0	Jmf rådmannen sitt framlegg. I øk plan må vurderes seinare.
Selbjørn skule utbygging ca 500m2	10 000	5 000	0	0	For å lukke krav frå arbeidstilsyn / helsevernetat
Storebø skule utbygging ca 750m2	10 000	12 500	0	0	For å lukke krav frå arbeidstilsyn / helsevernetat
Tak ungdomsskulen	300	0	0	0	Naudsynt arbeid som må gjerast i 2011
Turstiar - folkehelseinvesteringar	250	250	250	250	Viktig forebyggjande arbeid / stimulering av frivillige lag
Omsorgsbustader Bekkjarvik / Nytt prosjekt	5 000	25 000	0	10 000	Sjølvsfinansierande - Dekka av innbetalingar
Sentrumsutviklingstiltak	2 000	1 000	1 000	1 000	Kommunen må bidra i å utvikle sentrum
"Smartboard" i klasserom	400	0	0	0	Investering for å leggje til rette for auka kvalitet i skulen
Storebø pleie og omsorgssenter	20 000	0	0	0	Oppfølging av igongsatt prosjekt
Flygel til kultursalen	200	0	0	0	Eingongs investering

### Finansiering:

- Låneopptak (merka med rødt) Evt også nokon av dei merka med blått av likviditetshensyn.
- Sal av Selbjørn PO-senter (ekstra ordinær nedbetaling av gjeld)
- Sal av Nordstrandsbygget (ekstra ordinær nedbetaling av gjeld)
- Sal av Småtun (tilføres investeringsfondet)
- Andre salsinntekter (tilføres investeringsfondet)
- Attendebetaling bruforskottering Bakkasundsbrua (tilføres investeringsfondet)
- Bruk av investeringsfondet til mindre investeringar (merka med blått)
- Statstilskott til omsorgsbustader og sjukeheim (ekstra ordinær nedbetaling av gjeld)

Det er i budsjettet sett av 4.000.000,- til overføring av investering til drift av mva kompensasjonen. Dette vert som kjent trappa ned frå og med 2010 og gradvis mot at det skal bort. Så lenge ordninga er der vil Austevoll kommune overføre det som kan over til drift, men ikkje bruke meir av pengane i drift, men sette av til ytterlegare overskott / nedbetaling av oppsamla underskott. Det høge investeringsnivået i 2011 og 2012 vil gje kommunen ekstra inntekter her som det er svært viktig å ikkje gjera seg avhengig av til drift.

### Økonomiplan 2012 - 2014:

Økonomiplanen gjeld for 4 år med første året som budsjett. Me vil likevel denne gongen sette opp ein framskriving fram til 2017 då det vil gje eit bilete på ein ny situasjon for Austevoll kommune der:

- Oppsamla underskott er betalt attende
- Anbodsperioden for ferja er gått ut og Austevoll ikkje lenger treng å bidra i spleiselaget
- Austevoll truleg at pasert 5000 innbyggjarar og opplever ein positiv utvikling.

Me vel å synleggjera dette for å vise at det er rom til å gjera politisk val rundt 2014/2015 om anten ytterlegare styrking av tenestetilbodet eller fjerning av eigedomsskatten. Denne signaliseringa her legg opp til halvering av eigedomsskatten i 2015 og fjerning i 2016 som mål.

- I 2017 "slepp" Austevoll å betala 2 mill årleg i ferjetilbod
- I 2014 er Austevoll ferdig med å betale 5/6 mill årleg til nedbetaling av oppsamla underskott
- Det at me får to ferjer no bidrar til folketalsauke som vil gje større inntekter. Stipulering 0,5 – 1 mill ekstra årleg utover det som går i auka drift.
- Andre endringar må takast innanfor eige budsjett slik som auka kapitalkostnader i framtida.

Dette viser at det er rom for å ta bort eigedomsskatten på hus og hytter utan å svekke tenestetilbodet i 2015 / 2016.

Me legg opp til samme økonomiplan som rådmannen med framskriving av 2011 aktiviteten frå budsjettet samt desse forutsetnadane.

## Framlegg til vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek framlegg til budsjett frå KrF, Sp og FrP i sin heilthet som byggjer på rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2011 og økonomiplan 2011-2014 med endringar som framgår av budsjettokumentet.
2. Austevoll kommunestyre vedtek KrF, Sp og FrP sitt framlegg til investerings- og finansieringsbudsjett for 2011-2014.
3. Austevoll kommunestyre vedtek at det ved utskrivning av skatt på formue og inntekt for 2011 vert høgste sats lagt til grunn.
4. Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på ”verk og bruk”, ”næringsseigedomar” og fiskeoppdrettsanlegg” for 2011 med 7,0 promille (høste sats). Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.
5. Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på andre eigedomar for 2011 med ein skattesats på 3,0 promille. Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.
6. Austevoll kommunestyre vedtek at med bakgrunn i eit oppsamla underskot på 28,1 mill. kroner, og den generelle økonomiske situasjonen, vert søkt om å få lenga driftskreditten med 20 mill. kroner ut året.
7. Austevoll kommunestyre vedtek at renteinntekter frå fondsmidlar for 2010 ikkje vert lagt til fonda, men går inn i drifta.
8. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån på inntil 45,3 mill. kroner til finansiering av investeringar i 2011. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra.
9. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp startlån på kr. 7.000.000,- for 2011 for vidare utlån. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra.
10. Austevoll kommunestyre godkjenner at det vert nytta inntil 5,0 mill. kroner av premiefonda i Vital og KLP til dekking av pensjonskostnader i 2011.

## Kommuneøkonomi historie:

Austevoll kommune opparbeida seg frå 1999 til 2004 eit oppsamla underskott på 45.000.000,- Dette har vært hovedforklaringa på Austevoll kommune sitt renome som kommune med dårleg kommuneøkonomi. Det politiske miljø i Austevoll vel å ikkje gjenta dette budskapet internt og eksternt då det rett og slett ikkje fører noko positivt eller meir pengar med seg. Austevoll kommune treng eit meir positivt omdøme både for å tiltrekke oss nye innbyggjarar / tilsette, men og behalde dei me har. Difor vert ikkje kommuneøkonomi noko som politisk leiing ynskjer å profilere Austevoll på.

At Austevoll kjem dårleg ut av statlege omleggingar og at inntektsystemet i seg sjølv ikkje prioriterar kommunar som Austevoll vert tatt opp på rette arenar og på ein ryddig og sakeleg måte.

Austevoll kommune hadde ved utgongen av 2009 28,1 mill igjen av oppsamla underskott. Dei månadlege rapportane frå rådmannen gjev von om eit godt resultat for 2010 slik at det oppsamla underskottet ytterlegare kan reduserast. Skatteoppgjevert for november vert spennande i så måte til liks med endeleg pensjonsberekning. Fyrst då veit me kor stort overskottet for 2010 vert og kva det oppsamla underskotet er 1.1.2011. Sjølv om det er langt igjen til alt er betalt attende av underskotta frå 1999-2004 er kommunen på god veg og me vil gje ros til alle for den dugnaden som har vært med stram økonomistyring gjennom mange år for å betre situasjonen. Det gjeld rådmann, leiarar, tilsette og tillidsvalde, samt eit samla politisk miljø som har sett viktigheten av å dra lasset saman og i felleskap leggje grunnlaget for at Austevoll og i framtida skal vera ein robust kommune som er god å bu i.

## Avsluttande kommentarar:

Dette budsjettframlegget bygger på rådmannen sitt tal og kommentardel datert 5. november 2010. Det vert gitt kommentarar og føringar i høve rådmannen sitt budsjettforslag i tekstdelen av dette dokumentet.

Det overordna målet med budsjett 2011 er å helde fram den positive trenden både for Austevoll-samfunnet, men og for Austevoll kommune som organisasjon med stadig betre kommuneøkonomi år for år. Men dokumentet viser at det er usikre moment fram mot 2012 slik at det vert framleis stort behov for å ha strame kommunebudsjetter.

Ein sunn kommuneøkonomi er prega av balanse, samt handlingsrom til å handtera uføresette hendingar. Driftsutgiftene må ganske enkelt til ei kvar tid samsvara med dei løpande driftsinntektene i kommunen. Gjennom *"å ha fokus på dei pengane me har, og ikkje på dei pengane me ikkje fekk"*, vil me få maksimalt ut av tilgjengelige ressursar. Det er vårt mandat i høve innbyggjarane i Austevoll kommune.

Me undersrekar vidare at den kommunale organisasjonen i 2011 framleis må ha fokus på budsjettkontroll og effektiv drift. Dette er primært eit leiaransvar i organisasjonen, men alle ledd i organisasjonen må bidra.

Budsjett 2011 er eit positivt budsjett som legg opp til vidare vekst og utvikling i Austevoll-samfunnet. Vårt mål er framleis auka folketal og auka bustadbygging og aktivitet. Budsjettet for 2011 legg opp til det.

Desse endringane vert gjort. Teksten på dei føregåande sidene er identisk med formannskapet sin tilråding og endringane i kommunestyret står her. Begge deler er gjeldane og vert budsjettvedtaket, og der det står ulike ting går tilleggene lagt fram til kommunestyret foran tilrådinga frå formannskapet.

### Helsesystemer:

På formannskapsmøtet vart rådmannen utfordra på å finne løysing innanfor eige budsjett på å få til helsesystemtilbod frå hausten 2011. No viser det seg at det er lagt inn 180.000,- for mykje på legebudsjettet i forhold til behovet i 2011. Det gjer oss moglegheit å finne rom for ynskje om helsesystem innanfor rammene med ei lita tilleggsøyving på 20.000,- frå rådvelde posten slik at det vert lagt inn 200.000,- til helsesystem til skulane i 80% stilling frå 15. august 2011.

#### Helsesystemer på skulane frå 15. august 2011

### Fleirbrukshall på Selbjørn skule:

Etter møtet i formannskapet har det vore eit møte mellom hallnemda til idrettslaget og kommunen. Det er enighet å arbeide vidare med dette parallelt med planane for utbygging av skule fram til mars 2011 og så vil kommunestyret ta stilling til om utbygginga skjer etter den planlagte modellen eller som eit OPS prosjekt som inkluderer fleirbrukshall. Kommunen sitt bidrag totalt sett vil vera det som er sett av i økonomiplanen 15.000.000,- og uansett modell skal skulen sine primære behov stettes. Me ynskjer å bruke av investeringsramma for å få fram skisser til begge alternativ fram til kommunestyre sin avgjerd i mars 2011 om vegen vidare.

#### Kommunestyret vil vurdere fleirbrukshall mars 2011

### Fondavsetjingar:

Ekstra avsetjing til næringsfond og fond av eldremilliarden vert gjort no og ikkje i samband med rekneskapsavslutninga for 2010. Dette fordi det pga skattesvikt i november 2010 er usikkert korleis resultat 2010 vert og den usikkerheten ynskjer me ikkje å utsette fondavsetjinga for.

#### Eldremilliarden og næringsfond avsetjing i 2010

### Møkster BU:

Møkster BU saman med kommunen hadde 8. desember møte med fylkesmannen om vidare framdrift av prosjektet. Det er klart til byggestart tidleg i 2011 med sikte på ferdigstilling i 2011.

Etter ein del drøfting i møtet kom Fylkesmannen opp med følgjande forslag (henta frå referatet):

**Prosjektet blir definert som eit midlertidig tiltak som går over 5 år. I denne perioden skal da ikkje betalast avdrag. Dermed vil me få ei husleige på ca 8.500 pr måned (inkludert forsikring kommunale avgifter, vedlikehald, osv). I denne perioden skal me arbeida for å selja husa til dei som leiger. Eit slik sal vil redusera bukostnadene ytterligere sidan eigar då får skattefrådrag på rentekostnaden (effektiv rentekostnad blir då på 5 300 / mnd ). Dersom me i perioden ikkje lykkast med å selja husa skal dei leggest ut for sal (deriblant også som fritidsbustad).**

**Kommunen må vidare i perioden helda seg innanfor reglane om minimum 3,5% i årleg avdragsbetaling på samla innlån (også medrekna låna på husa) . Dette inneberer at kommunen kan få ei auka årlig avdragsbetaling på kr. 200'. Når husa blir selde forsvinn kravet og tidligare innbetalte ekstraavdrag blir frigjort. Prosjektet inneberer dermed ei form for sparing for Kommunen i perioden fram til husa blir selde.**

Denne modellen oppfyller formålet til Møkster BU. Lykkast me å få to barnefamilier til å kjøpa husa so har me sikra grunnlaget for skulen samt fått grobotn for at fleire barnefamilier flyttar ut.

Me er samd med framlegget frå fylkesmannen og tilfører 200.000,- av rådveldeposten ekstra årleg i 5år til nedbetaling av gjeld (sparing for kommunen) og så vil ein seinast etter 5 år også få ein salsinntekt som ytterlegare vert nytta til nedbetaling av gjeld.

Framlegg frå Arbeiderpartiet v/Jane Stangeland:

### **Arbeiderpartiet sitt framlegg til drift.**

Endringar i høve til formannskapet sitt framlegg:

#### **Kommunale fellesoppgåver**

Veg vedlikehald	kr.	200.000
Enøk tiltak	”	300.000
Folkehelse innsparing	”	- 205.000

**Auka tilskot til kyrkja** ” 100.000

#### **Undervisning og kultur**

Skulekontor/personalkontor og merkantil stilling ved skulane	”	420.000
SFO Kolbeinsvik og Trolandshamar	”	567.000
Vaktmeisterauke 50%	”	224.250

#### **Helse og sosial**

Helsesøster grunnskulen 80%	kr.	428.000
Legesekretær auke 100%	”	500.000
Auke aktivitet palliativt prosjekt	”	211.000
Symjetilbod PU	”	45.000

SUM kr. 2.790.250

#### **Bruk av eldremillion**

Aktivitørstilling	kr.	600.000
Øyremerka til fysioterapi ved pleie- og omsorgsenter frå 01.08.2011	”	400.000

### **Arbeidarpartiet sitt framlegg til investeringsbudsjettet.**

Med utgangspunkt i formannskapet si tilråding vil vi kome med følgjande endringar:

Smartboard i klasserom	kr.	- 400.000
Flygel til kultursal	”	- 200.000

Investeringar i skulen	kr.	300.000
Investeringar i kultursektor	”	100.000
Asfaltering vegar	”	200.000

SUM kr. 0

Det vart røysta over formannskapet si tilråding med tilleggsframlegg frå Frp, Sp og Krf og framlegg frå arbeiderpartiet. 26

Formannskapet si tilråding med tilleggsframlegg vart vedteke med 18 mot 3 stemmer som røysta for arbeiderpartiet sitt framlegg (Jane Stangeland, Ove Fagerbakke og Andreas Risøy AP).

#### **KST-176/10 Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre vedtek framlegg til budsjett frå KrF, Sp og FrP i sin heilthet som byggjer på rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2011 og økonomiplan 2011-2014 med endringar som framgår av budsjettokumentet:
2. Austevoll kommunestyre vedtek KrF, Sp og FrP sitt framlegg til investerings- og finansieringsbudsjett for 2011-2014.
3. Austevoll kommunestyre vedtek at det ved utskriving av skatt på formue og inntekt for 2011 vert høgste sats lagt til grunn.
4. Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på ”verk og bruk”, ”næringseigedomar” og fiskeoppdrettsanlegg” for 2011 med 7,0 promille (høste sats). Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.
5. Austevoll kommunestyre vedtek med tilvising til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 at det vert skreve ut eigedomsskatt på andre eigedomar for 2011 med ein skattesats på 3,0 promille. Eigedomsskatten forfell i 2 terminar.
6. Austevoll kommunestyre vedtek at med bakgrunn i eit oppsamla underskot på 28,1 mill. kroner, og den generelle økonomiske situasjonen, vert søkt om å få lenga driftskreditten med 20 mill. kroner ut året.
7. Austevoll kommunestyre vedtek at renteinntekter frå fondsmidlar for 2010 ikkje vert lagt til fonda, men går inn i drifta.
8. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp lån på inntil 45,3 mill. kroner til finansiering av investeringar i 2011. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra.
9. Austevoll kommunestyre vedtek at det vert teke opp startlån på kr. 7.000.000,- for 2011 for vidare utlån. Rådmannen får fullmakt til å godkjenna lånevilkåra.
10. Austevoll kommunestyre godkjenner at det vert nytta inntil 5,0 mill. kroner av premiefonda i Vital og KLP til dekking av pensjonskostnader i 2011.

#### **177/10: Kommunale avgifter og gebyr for 2011**

##### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek følgjande avgifts-, gebyr- og betalingsattsar med verknad frå 1. januar 2011, dersom ikkje anna er sagt under dei ymse punkta:

## **1. Gebyr for byggjesaksførehaving etter plan- og bygningslov.**

- a) Gebyrsatsane vert auka med 5 %
- b) Dei som nyttar digitale byggjesøknader får redusert gebyret med 15 %.

## **2. Gebyr på regulerings- og utbyggingsplanar.**

Gebyrsatsane vert auka med 5 %.

## **3. Gebyr etter Matrikkellova**

Her er kostnadane i budsjettframlegg redusert med ca. 550.000 i høve til budsjett 2009 jfr. KST sak nr. 129/10. Framlegget til gebyrsatsar er tilpassa budsjettframlegg.

## **4. Avgift på slamrenovasjon.**

Avgiftssatsane er dei same som SIM har i sitt framlegg til budsjett.

## **5. Renovasjonsavgifter.**

Avgiftssatsane er dei same som SIM har i sitt framlegg til budsjett.

## **6. Avgift for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.**

Årleg avgift	kr. 400,-
Ekstra feiing, alle kostnader medrekna pr. pipeløp	kr 410
Feiing/tilsyn 2 piper	kr. 520,-
Kontroll av nyinstallerte eldstader	kr. 695,-

## **7. Gebyr for sal av fyrverkeri.**

Gebyrsatsen vert kr. 2400

## **8. Gebyr for brann- og redningstenesta.**

For utrykning til unødige eller falske alarmer

For meir enn 3 unødige utrykningar grunna varme arbeider, gjentatte tekniske feil og liknande pr. utrykning + utrykningsbilar og mannskap **kr. 7200**

## **9. Egedomsmeklargebyr.**

Gebyrsatsane vert auka med 5%

## **10. Trykking for private.**

Pr. trykk kr. 2,10. Med fargar kr. 3,50 pr. trykk.

## **11. Fellingsavgift for hjort.**

Vaksen hjort, pr. stk.	kr. 350,-
Hjortekalv, pr. stk.	kr. 200,-

## **12. Satsar for utleige av skulebygg og utstyr.**

Gjeldane satsar for utleige vert auka med 3,1%, med unntak av basseng/garderobe/dusj som vert uendra til kr. 3.500 pr. time pr. halvår.

## **13. Husleige i omsorgsbustadane.**

Auka med 3,1%

## **14. Foreldrebetaling i barnehagane.**

Dei høgste betalingsatsar og moderasjonsreglar som vert vedteken av Stortinget vert gjort gjeldande for 2011.

## **15. Foreldrebetaling i skulefritidsordninga.**

Tilrår auke på 3,1%.

## **16. Elevkontingent i kulturskulen.**

Kontingentsatsane vert ikkje auka.  
Søskenmoderasjonen vert 25 %.

Sal av tenester til korps, kor m.m. skal fakturerast etter kostpris.

## **178/10: Plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv i Austevoll kommune 2011-2014**

Handsaming i møtet:

Tilleggsframlegg frå Frp v/Jostein Blænes:

Turløype rundt Vinnesvatn vert lagt inn som 1. prioritet under anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2011.

Det vart røysta over tilrådinga frå rådmannen og tilleggsframlegg frå Frp som vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Kommunestyre godkjenner plan for idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsliv med følgjande endring:

1. Vinnes skule/Vinnesvåg aktivitetshus vert lagt inn som prioritet 1 under kulturbygg.  
Amfi/scene Storebø vert prioritert som nr. 2.
2. Turløype rundt Vinnesvatn vert lagt inn som 1. prioritet under anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2011.

### **179/10: Strategidokumentet Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM) i framtida**

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Renate Møgster Klepsvik:

Pkt. 2 i tilrådinga – uhilda går ut.

Tilrådinga saman med framlegget frå Frp vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Austevoll kommunestyre vil tilrå at SIM IKS konsentrerer sin verksemd rundt kjerneoppgåver som er å gje både hushaldningar og næringsliv i regionen eit heilskapeleg tilbod på innsamling, mottak og handsaming av avfall.
2. Austevoll kommunestyre ynskjer ei vurdering av korleis SIM IKS skal vera organisert i framtida for å sikre sterkare politisk styring med SIM selskapa og dei aktivitetar SIM IKS skal ha som sine kjerneoppgåver.
3. Austevoll kommunestyre ønskjer ei utgreiing på korleis ein eventuelt kan disponere delar av eigenkapitalen. Ein må få vurdert eventuelt bruk av eige kapitalen til forskotering av prosjekt, tilbakeføring av kapital, utbytte med meir.

### **180/10: Politivedtekter for Austevoll kommune.**

#### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner vedlagte framlegg til forskrift om politivedtekt for Austevoll kommune.

Forskrift om politivedtekt for Austevoll kommune vert sendt Politidirektoratet for stadfesting.

Når den nye politivedtekta er kunngjort vert politivedtekta frå 1939 oppheva.

### **181/10: Storebø skule - Oppfølging av skriv dat 08.11.10 frå Helsevernetaten.**

#### **Tilleggsøyving.**

#### **Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek at det vert gjeve ei tilleggsøyving på inntil kr 500.000,- frå investeringsmidlar på budsjettet for 2010 til ytterlegare utbetringar/ imøtekome Helsevernetaten sitt skriv frå 08.11.10.

### **182/10: Nordstrandsbygget. Rehabilitering eller nybygg.**

#### **Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek å sette ned ei prosjekteringsgruppe med sikte på å utarbeide løysing med tanke på nybygg/ tilbygg til Storebø skule/ Paviljongen.  
Prosjekteringsgruppa si samansetning:
  - a. Julie Eide Solbakken og Ronald Persen
  - b. Rådmannen peiker ut representantar frå administrasjonen.
  - c. Organisasjonane peikar ut ein representant.
  - d. Verneombod
2. Kommunestyret vedtek at prosjekteringsgruppa utarbeider prisførespurnad på funksjonsbeskriving med meir til arkitekt/ ingeniør. Dette med tanke på at byggearbeidet med tilbygg/ nybygg skal lysast ut som totalentreprise. Det vert sett av kr. 600.000,- inkl mva til prosjekteringa. Beløpet skal belastast investeringsbudsjettet til Storebø skule/Selbjørn skule.
3. Kommunestyret delegerer mynde til å lyse prosjektet ut på DOFFIN basen til formannskapet.

4. Kommunestyret vedtek at Nordstrandsbygget leggjast ut for sal. Salssummen går inn som del av finansieringa av nybygg.

**183/10: Gnr. 45 bnr. 0006 Bjelland. Skade på privat veg mellom pumpestasjon og sjø i Skiftesdalen**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek at vegen skal fiksast og kommunen har eit ansvar for å syta for at det vert gjort jmf lang og treg sakhandsaming der kommunen tilsynelatande har påteke seg ansvar og skulda på dårleg kommuneøkonomi. Eigar av vegen som er skadelidande må ikkje verta ”kasteball” i systemet.

Austevoll kommunestyre ber om at det vert gått i dialog med Austevoll vatn og avlaup for å drøfte korleis saka kan løysast. Ein må vurdere ansvar i høve til avtalen om overtaking av vatn og avlaup mellom Austevoll kommune og Austevoll Vatn og avlaup.

**184/10: Gnr.43 bnr.423 m.fl. Storebø. Sentrumsplanen. Endring av reguleringsplan. - Sentrumsbygget.**

Handsaming i møtet:

Jane Stangeland var ugild under handsaminga.

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-12, 12-14, endring av reguleringsplanen ”Sentrumsplanen” der næringsområdet F/K 1 er justert i utstrekning mot aust og nord og der gangvegen G1 gjer samband frå fylkesvegen til G2 inne i felt B9a og B11. Tilkomst til bustader nord for forretningsarealet vert som før. Dette arealet er endra til status for kun bustader.

**185/10: Tilbod om kjøp av areal frå gnr. 43 bnr. 601 Storebø**

Handsaming i møtet:

Tilrådinga vart vedteke mot 4 røyster (Julie Eide Solbakken, Kurt Frank, Nils Olav Troland og Øystein Rabben Høgre).

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å forhandle og inngå kjøpekontrakt med grunneigar av gnr. 43 bnr. 601 i Austevoll  
Det vert sett av kr. 500.000 frå kapitalfondet til føremålet.

**186/10: Reguleringsplan for gnr. 50 bnr. 3,29 m.fl. Nordeide  
Rådmannen si tilråding:**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre gjev rådmannen fullmakt til å nytta inntil kr. 50.000 til planlegging av Porsdalen. Midlane skal hentast frå investeringsmidlar.

**187/10: Gnr. 37 Bnr. 7,160 m.fl. Austevollshella. Godkjenning av dispensasjon for mindre endring på reguleringsplan**

Handsaming i møtet:

Saka vart handsama etter sak 190/10

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek at søknad om dispensasjon for mindre endring av reguleringsplan for gnr. 37, bnr. 7,160,161 m.fl. Austevollshella, vert godkjend med heimel i PBL § 19-2.

Vedtaket vert sendt til Fylkesmannen, grunneigarar og naboar for klagevurdering.

Eksisterande plan er godkjend 14.06.2005, sak 61/05.

Reviderte føresegner og kart er datert 08.09.10.

**188/10: Rapport sjukefråvær 2. kvartal 2010**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre tek sjukefråværsstatistikken for 2. kvartal 2010 til orientering.

**189/10: Forprosjekt Energieffektivisering**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vedtek å starta opp arbeid med Forprosjekt Energieffektivisering. og ber rådmannen om å setja ned ei arbeidsgruppe som kan arbeide med dette. Det er ein føresetnad at prosjektet blir fullfinansiert, før arbeidet tek til.

**190/10: Eigedomsskatt - ny taksering**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre vil vente med ny alminneleg taksering til eigedomsskattelova §8 trer i kraft. Det vil seia at ny taksering vert utsett på ubestemt tid, då det er usikkert når eigedomsskattelova §8 trer i kraft. §8 gjeld i dag berre for kraftverk. Det vil seia at gjeldande takstar vert uendra til kommunestyre eventuelt gjer nytt vedtak.”

**191/10: Val av revisor i Austevoll kommune - klage på tildeling av kontrakt til KPMG AS.**

**Vedtak:**

Med det som nedenfor er anført som begrunnelse vedtar kommunestyret at:

Klagen ikke tas til følge.

Kommunestyret sin avgjørelse er basert på korrekt faktum. Det foreligger heller ikke feil i kommunen sin saksbehandling eller rettsanvendelse.

\*\*\*\*\* TILLEGGSSAKER \*\*\*\*\*

**192/10: Tilbod om verksemdovertaking av Småtun barnehage - oppheving av deler av vedtak**

**Vedtak:**

Austevoll kommunestyre ber rådmannen legge fram sak om oppheving av del av avsnitt nr. 4 i sak 158/10 i kommunestyremøte 02.11.2010 ”berekning av kommunalt tilskott vert i 2011 gjort 2 ganger basert på barnetal pr. 15.12 (nivå på Småtun drift).